

# Fv 57 Skodvin - Vågseidet Fagrappport kulturmiljø

Reguleringsplan plan ID 1263-201406  
Lindås kommune





## Føreord

Statens vegvesen utarbeider reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg på strekninga Skodvin skule – Vågseidet, langs fylkesveg 57 i Lindås kommune, med planid 1263–201406.

Det er ikkje stilt krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova.

Til planarbeidet skal det gjerast ei vurdering av kulturminne og kulturmiljø i plan- og influensområdet der eksisterande forhold og verknader av planane skal skildrast og vurderast.

Kartlegginga av kulturminner byggjer mellom anna på kjelder som Riksantikvaren sin kulturminnedatabase Askeladden og bygningsregisteret SEFRAK, lokalhistoriske kjelder, samt synfaring og dokumentasjon i samband med planarbeidet.

Kulturminnerapporten er utført av Tine Eikehaug, Statens vegvesen, Region vest. Arbeidet har omfatta forarbeid, kjeldeinnsamling, synfaringar, vurderingar og skrivearbeid.



## Innhald

Føreord.....	1
Samandrag .....	5
Bakgrunn .....	6
Definisjonar og nasjonale føringar.....	6
Kjeldegrunnlag .....	7
Merknader til planen.....	8
Avklaringar om Den Trondhjemske postvei .....	9
Kort skildring av området og gardane si kulturhistorie.....	12
Nedre Skodvin Gr.nr. 94.....	12
Øvre Skodvin Gnr. 96 .....	13
Brunnsland Gnr. 91 .....	13
Gaulen Gnr. 98.....	14
Løvteit Gnr. 97 .....	15
Våge Gnr. 99 .....	15
Vurdering av kulturminner og kulturmiljø i planområdet.....	17
Planområdet generelt .....	17
Automatisk freda kulturminne.....	17
Kulturminne frå nyare tid .....	17
Den Trondhjemske postvei.....	18
Løvteit, gnr./bnr. 97/5 Nybø.....	19
Stemmegard og kvernhusanlegg i Gaulelva .....	19
Gardsbruk, Våge gnr/bnr 99/7 «Utsyn» .....	20
Forslag til tiltak knytt til kulturmiljø i planen .....	22
Vedlegg .....	23
Kjelder .....	24



*Figur 1 Den Trondhjemske postvei har nasjonal verdi som kulturminne. Her postvegen ved Våge, på ei strekning som er med i planområdet, men som ikkje vert direkte råka. Foto Tine Eikehaug, Statens vegvesen.*

## Samandrag

Planområdet langs fv.57 mellom Skodvin og Vågseidet er del av inn- og utmark for gardane Skodvin, Brunnsland, Løtveit og Våge. Landskapet på Lindås er prega av mange låge åsryggar med smale dalsøkk imellom. Kulturlandskapet har difor preg av å vere eit typisk småskala jordbrukslandskap, der dei frodige dalsøkka er omarbeidd til dyrkbar mark. Delar av utmarka ber preg av å ha vore lyngheier, men er i dag er attgrodd eller planta til med skog. Gardstuna ligg eit stykke frå fylkesvegen, medan «gamlevegen», Den Trondhjemske postvei, som også ligg i området, ligg nærmare eller gjennom tuna. Berre ved Våge og Løtveit ligg det gardstun nært inntil veggen.

Det er ingen kjende automatisk freda kulturminne i planområdet, men førhistoriske kulturminne og funn er kjent frå både Skodvin, Brunnsland og Våge. Dei to førstnemnde gardane har dessutan namn som kan tidfestast til jernalder. Potensialet for å gjere funn av ukjende automatisk freda kulturminner på disse gardane er vurdert å vere middels til stort.

Innanfor planområdet derimot, er potensialet for å gjere nye funn av ukjende automatisk freda kulturminne vurdert til å vere lite. Den nye gang- og sykkelvegen er planlagt langsetter og inntil fv. 57, og her er mykje av arealet allereie påverka og endra av veggen.

Den Trondhjemske postvei går gjennom området, og ved Våge er postvegen med i sjølve planområdet. postvegen har nasjonal verdi som kulturminne, og strekinga mellom Trælevikja og Vågseidet er del av Statens vegvesen sin Nasjonale verneplan for vegrelaterte kulturminne og er eit statleg listeført kulturminne.

Planen legg opp til at postvegen ikkje skal verte direkte råka av tiltaket. Den delen av postvegen som ligg i planområdet skal regulerast med omsynssone (vern av kulturmiljø 5600). Planen må også sikre at bruken av postvegen vert ivareteken, mellom anna med stiar som koplar den saman med fylkesvegen der desse i dag manglar. Norsk vegmuseum skal rådførast i tiltak som gjeld postvegen.

Sett bort frå ein tørrmur på Våge er det få eller ingen kjende kulturminner som vert direkte råka av planen. Nokre få kulturminne får nærføring til tiltaket, som til dømes ei gamal stemme i Gaulelva.

## Bakgrunn

Reguleringsplanen gjeld ny gang- og sykkelveg langs fv.57 mellom Skodvin skule og Vågseidet i Lindås kommune. Strekninga er på vel 3 km, og manglar i dag eit tilbod for gåande og syklande. Planområdet ligg langs eksisterande fv.57, og gang- og sykkelvegen skal liggje på vestsida av fylkesvegen. Føremålet er å tilby ei samanhengane og trafikksikker løysing for mjuke trafikantar langs fv.57.

Lindås kommune har ikkje stilt krav om konsekvensutgreiing. Det skal likevel gjerast ei vurdering av eksisterande tilhøve for miljøfag. I denne rapporten vert dei viktigaste kulturminne og kulturmiljø i planområdet kartlagd og omtalt, og konsekvensane av tiltaket vert vurdert.

Det var på førehand kjent at det i planområdet var kulturminner som kunne komme i konflikt med tiltak i planen, som Den Trondhjemske postvei.

Planområdet strekk seg frå sør til nord over gardane Øvre og Nedre Skodvin (gnr. 94 og 96), Brunnsland (gnr. 91), Gaulen (gnr. 98), Løtveit (gnr. 97) og Våge (gnr. 99).

I planarbeidet har det vore utarbeidd i alt fire forslag til gang- og sykkelveg. I denne deltemarapporten er det konsekvensane av alternativ 2 som vert lagt til grunn for vurderingane av kulturminne og kulturmiljø.

## Definisjonar og nasjonale føringar

I Kulturminnelova<sup>1</sup> er **kulturminne** definert som *alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.* Omgrepet **kulturmiljø** er definert som *områder hvor kulturminner inngår som en del av en større helhet eller sammenheng.*

Kulturminner og kulturmiljø er kjelder til kunnskap om fortida sitt samfunn og levevilkår. Kulturminner er ikkje-fornybare ressursar og må forvaltast på ein slik måte at vi tek vare på spora frå tidlegere generasjonar, slik at desse kan overleverast og opplevast av kommande generasjonar også i framtida. Vert dei øydelagd eller fjerna, er dei tapt for all tid. Kulturminner er rekna som samfunnet sine felles verdiar. Dei er unike og uerstattelege ressursar til kunnskap, oppleving og bruk – for den einskilde og for fellesskapet.

Det er eit nasjonalt mål at tap av verneverdige kulturminner og kulturmiljø skal minimerast<sup>2</sup>. Offentleg forvaltning har eit særskilt ansvar for å sikre at dei nasjonale måla for kulturminnepolitikken oppfyllest.<sup>3</sup>

---

<sup>1</sup> Sjå Lovdata.no

<sup>2</sup> <http://www.miljostatus.no/nasjonale-mal/kulturminne-og-kulturmiljo/>

<sup>3</sup> Stortingsmelding nr. 16, Leve med kulturminner fra 2004–2005



I tråd med nasjonal politikk og gjeldande lovverk skal omsynet til kulturminne sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Forvaltingsansvaret i kulturminnevernet er delt mellom stat, fylkeskommunar og kommunar. Fylkeskommunen og staten forvaltar kulturminne etter kulturminnelova. Kommunane har eit særleg ansvar gjennom rolla si som lokal styresmakt med heimel i plan- og bygningslova.

## Kjeldegrunnlag

Hovudmålet med kulturminnegrunnlaget er å skaffe kunnskap om kulturhistoriske verdiar i plan- og influensområdet, slik at dette kan leggjast til grunn ved utforming av planen. Som grunnlag er det henta inn dokumentasjon av kulturminner og kulturmiljø. Dokumentasjonen er basert på tilgjengelege kjelder og litteratur.

Kjeldegrunnlaget for temaet kulturminne og kulturmiljø har vore kjente databaser (som Askeladden, Kulturminnesøk, Bergen museum, SEFRAK, Nasjonal verneplan mfl.), skriftlege kjelder som bygdebøker og anna relevant historisk litteratur, pluss eldre kart og foto, og synfaring i felt. Det har også vore nytta informantar med lokalhistorisk kjennskap til området. Ei liste over kjelder finst bak i rapporten.

Ein fullstendig oversikt over automatisk freda kulturminne finst ikkje. Ein reknar med at berre om lag 10 % av alle kulturminner er kjent. Dei resterande er ikkje synlege eller vanskelege å sjå på markoverflata, eller er ikkje registrert. Dersom ei planlagd utbygging kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne må planen justerast/endrast, eller det må søkjast dispensasjon frå Kulturminnelova. Ved ein eventuell dispensasjon stiller Kulturminnelova vilkår, jf. § 10, at tiltakshavar dekker utgiftene til nødvendige arkeologiske undersøkingar for å sikre kunnskapsverdien.

Mange eldre bygg er registrert i SEFRAK-registeret. Dette er eit landsdekkande register over eldre bygningar og andre kulturminne. Det at ein bygning er registrert i SEFRAK gjev den ikkje automatisk ein vernestatus. Ei oppføring i registeret inneber heller ikkje i seg sjølv spesielle restriksjonar for kva som kan gjerast med eit hus. Likevel er ei oppføring eit varsko om at det bør gjerast ei vurdering av verneverdien før ein eventuelt gjev løyve til rivning eller endring av objektet. For bygningar som er eldre enn 1850 (markert med raud trekant på kartet) er det lovfesta at ei slik vurdering må gjerast før ein byggje- eller rivingssøknad vert avgjort (jf. § 25 Kulturminnelova).

Med **tiltaksområde** meinast områder som vert direkte påverka av arealbeslag ved den planlagde utbygginga. Områder der ein ventar at kulturminne og kulturhistoriske verdiar kan verte påverka av tiltaket, er definert som **influensområde**. Influensområdet vert påverka mellom anna av tiltaket sin lokalisering og utforming, visuelle samanhengar, vegetasjon og landskap. For å kunne sjå heiskapen i den kulturhistoriske utviklinga og i bevarte kulturmiljø er disse forholda omtala. Influensområdet er vurdert til å omfatte det området som vert råka direkte og visuelt av tiltaket.

Tilhøva for Den Trondhjemske postvei, som er del av Statens vegvesen sin nasjonale verneplan<sup>4</sup>, har vore diskutert og vurdert i lag med Norsk vegmuseum og Miljøavdelinga i Vegdirektoratet – som forvaltar verneplanobjekta. Det har også vore møte om og synfaring av den Trondhjemske postvei i lag med Norsk vegmuseum, ved Kjersti Tidemansen, og koordinator for den museale verksemda i Statens vegvesen i Region vest, Bjørn Christian Grassdal. Også Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vore rådspurt.

## Merknader til planen

Det vart meldt oppstart av planarbeidet 29.01.2015, og det kom inn to merknader som omhandla kulturminne og kulturmiljø. Desse kom frå Fylkeskonservator i Hordaland fylkeskommune, og Norsk vegmuseum, som forvaltar Statens vegvesen sin verneplan:

Avsendar	Merknad
Hordaland fylkeskommune, 03.02.15	<p>I – Fylkeskommunen ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, landskap, kulturminne, samferdsel og universell utforming.</p> <p>II – Fylkeskommunen minner om pkt. 2 i dei regionale retningslinene i Fylkesdelplan for kulturminne der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Fylkeskommunen ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Fylkeskommunen har per i dag ikkje opplysningar i sine arkiv om automatisk freda kulturminne i det aktuelle planområdet.</p> <p>III – Nordlege del av den aktuelle vegstrekninga er ein del av Den Trondhjemske postvei som har nasjonal kulturminneinteresse. Postvegen er mellom anna med i Statens vegvesen sin nasjonale verneplan for veger, bruer vegrelaterte kulturminner. Fylkeskommunen kjenner per i dag ikkje til om det er intakte eldre delar av vegen att i dette området. Fylkeskommunen ber om at dette blir belyst i planarbeidet, og at det blir teken omsyn til eventuelle eldre vegelement som kan knytast til postvegen.</p>
Norsk Vegmuseum, 20.02.2015	<p>I – Planen berører Den Trondhjemske postvei (objekt nr. 164 i Statens vegvesen sin nasjonale verneplan; id-nr. 176554 i Askeladden) og ei verneverdig strekning av postvegen som ikkje ligg i verneplanen.</p> <p>II – Kulturminnet sin vernestatus</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trondhjemske Postvei er ikkje freda, men er verneverdig og har nasjonal verneverdi etter verneplanen. Kulturminnet skal difor handsamast som eit kulturminne av nasjonal verdi.</li> <li>• Dei historiske vegstrekningane utan den formelle verneplanstatusen har også verneverdi. Ein hovudveg som Trondhjemske Postvei vurderast til å ha regional til nasjonal verdi.</li> <li>• Ein må ta høgde for endringar ved rullering av verneplanen, inkludert forlenging av vegstrekning.</li> </ul> <p>III – Reguleringsplanen sitt forhold til Trondhjemske Postvei</p>


<sup>4</sup> Statens vegvesen: Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminner.

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ved eigedomane 99/14 og 99/24 kan det planlagde tiltaket kome i konflikt med verneplanstrekninga.</li> <li>• Nordover frå dette punktet mot Vågseidet, kan tiltaket kome i konflikt med den verneverdige strekninga som ikkje ligg i verneplanen (fylkesvegen svært nær postvegen på nokon punkt).</li> </ul> <p>IV – Bevaring av Trondhjemske Postvei</p> <p>Det er viktig å sikre kulturminna i verneplanen, og samstundes ivareta dei verneverdige vegminna som ikkje er i verneplanen. Målet er å ta vare på autentisiteten til kulturminna. Vegminna får større verdi når det er lengre og samanhengande strekningar som er bevart. Det er også eit sterkt ynskje at vegminna blir brukt, at dei er kjelde til rekreasjon og opplevingar og at dei blir halde ved like.</p> <p>V – Det bes planleggar om å vurdere to alternative tiltak dersom det kan bli konflikt med g/s-vegen:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Bruk av postvegen som turveg i staden for g/s-veg på strekningane der g/s-vegen i konflikt med postvegen. Ein må da vike bort frå krava til g/s-veg for å ivareta mest mogleg av verdiane til kulturminnet. Stigningsforhold, dekke på vegen og på koplingspunkt mellom postvegen og g/s-vegen kan vere utfordrande i forhold til tilgjengelegheit for alle. Ynskjeleg med ein konstruktiv dialog, ein bør trekke inn erfaringskompetansen til universell utforming. Norsk vegmuseum ynskjer å vere involvert.</li> <li>2. G/s-vegen flytt til austsida av fv.57, for å unngå konflikt med postvegen. Bør være aktuelt å vurdere dersom kulturminne verdiane til postvegen må vegast tyngre enn omsynet til tilgjengelegheit for alle.</li> </ol> <p>VI – Norsk vegmuseum ber om attendemelding i god tid før reguleringsplanen leggst ut til offentleg ettersyn.</p>
--	---

## Avklaringar om Den Trondhjemske postvei

I utgangspunktet gjaldt bestillinga til reguleringsplanen kunn å regulera ein gang- og sykkelveg på vestsida av fv. 57 mellom Skodvin skule og Vågseidet. Tidleg i planarbeidet innsåg ein at planen ville kome i konflikt med Den Trondhjemske postvei i den nordlegaste delen av strekninga. Denne er med i Statens vegvesen sin *Nasjonale verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminne* og har nasjonal verdi som kulturminne. Lengst nord i planområdet, mellom innkøyringa til Våge og fram til Vågseidet, vart det også avdekket ein del av postvegen som til då har vore ukjend for Statens vegvesen, då ein rekna med at den hadde låge i same trasé som fv. 57 ligg i dag. Her ligg postvegen oppe på skjeringa, noko som gjer at den ikkje er synleg sett frå fylkesvegen. Sjå figur 2.

For kulturminne som er del av staten si kulturhistorie og ansvar fell dei inn under prinsippet om statleg sektoransvar, sjå St. meld. nr. 46 (1988–1989) Miljø og utvikling– Norges oppfølging av Verdenskommisjonens rapport, i St. meld. nr. 58 (1996–97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling, og St. meld. nr. 16 (2004–2005) Leve med kulturminner. Prinsippet



Figur 2 Den Trondhjemske postvei mellom Trælavikja og Fonnebustsjøen i Lindås. Blå strek syner strekning som er med i Nasjonal verneplan, raud strekning er ikkje med i verneplanen. Den gule sirkelen syner område der planen har nærføring med postvegen.

pålegg statlege sektorer å forvalte eigne kulturminne og sikre at omsynet til desse vert ivareteken. Statens vegvesen har sektoransvar for vegminner, og då særleg dei som er med i etatens verneplan. I følgje NTP skal desse forvaltast og vedlikehaldas i tråd med vernet<sup>5</sup>. I Statens vegvesen vert dette ansvaret ivareteken lokalt av regionane og sentralt av Vegdirektoratet ved Miljøseksjonen og av Norsk vegmuseum.

Det har i planarbeidet vore ein prosess rundt konflikten med postvegen der Fylkeskonservatoren, Norsk vegmuseum, Vegdirektoratet og Lindås kommune har vore involvert.

Det er mellom anna halde to avklaringsmøter om tilhøvet til Den Trondhjemske postvei undervegs i planarbeidet. 18.09.2015 vart det halde møte mellom Lindås kommune, Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune (ved Samferdsel og Fylkeskonservator), og Norsk vegmuseum. Som del av statleg verneplan har postvegen nasjonal verdi som kulturminne, noko også Fylkeskonservatoren understreka. Strekingar som ikkje er med i verneplanen har nasjonal interesse. På bakgrunn av dette vart føreslege å vurdere fleire alternativ for trasé for gang- og sykkelvegen i det vidare planarbeidet.

Eit nytt møte vart halde 19.01.2016, mellom Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune (Samferdsel og Fylkeskonservatoren), der Statens vegvesen orienterte om fire ulike alternativ til plassering av g/-veg, med tilhøyrande konsekvensar. Den klare tilrådinga frå Statens vegvesen var det som vart kalla alternativ 2 – å flytte fv. 57 austover og leggje gang- og sykkelvegen i dagens vegtrasé for å unngå konflikt med Den Trondhjemske postvei.

I denne deltemarapporten er det difor konsekvensane av alternativ 2 som vert lagt til grunn for vurderingane av kulturminne og kulturmiljø.



*Figur 3 Postombering ca. 1800. Illustrasjon av Brock.*

---

<sup>5</sup> NTP 2016–2023: s. 223 og NTP 2018–2029: s. 249

## Kort skildring av området og gardane si kulturhistorie


På gardane langs planområdet er det gjort funn frå både steinalder, bronsealder og jernalder som vitnar om at området har vore nytta i mange tusen år. På både Skodvin og Brunnsland har det vore fleire gravhaugar- og røyser frå bronse- og jernalder. I fleira av desse er det gjort funn av gjenstandar, som til dømes spinnehjul, krukker og klebergryter. Det er også funne menneskebein og våpen. Gravrøysene er ofte dei eldste spora ein har etter den første tida gardane vart etablerte og menneska vart bufaste. Diverre er dei fleste av røysene borte eller fjerna; i dag er det berre ei røys att på Nedre Skodvin (Askeladden ID 35858).

### Nedre Skodvin Gr.nr. 94

Forstavinga i namnet Skodvin kjem av *skoð*, med usikker tyding, men kan tyde *skoda*, «sjå på». Gardar som ender på *-vin* reknar ein med er frå eldre jernalder (år 0 til år 400 e.Kr.).

På Nedre Skodvin var det fleire gravrøyser (Skogseth 2008:137), men berre ei finst att i dag. Denne røysa (Askeladden ID 35858) ligger 100 meter nord for gardstunet og er datert til bronsealder-jernalder.

Frå andre gravrøyser på garden, som er borte, er det gjort funn av to spinnehjul, ei leirkrukke, ei kleberbolle (B257). Det skal også ha vore funne ei øks, eit sverd og ei leirkrukke som er forsvunne. Det er også gjort funn av reiskap laga av kvalbein (B1644).



Figur 4 Utsnitt av Askeladden, Riksantikvarens sin kulturminnedatabase. Røys på Nedre Skodvin. Den Trondhjemske postvei er synt som blå linje vest i kartet.

I mellomalderen var Skodvin krongods og eigd av kongen. Opphavleg var Skodvin ein gard som på 1500-talet vart delt i to, Nedre og Øvre. Etter reformasjonen vart garden selt til rike jordeigarar som forpakta den vidare. Først i 1837 kom garden i bondeie.

Den Trondhjemske postvei nordover frå Bergen gjekk gjennom Nedre Skodvin, lengst vest i utmarka på eigedomen. Etter at «nyevegen», eller kommunevegen (dvs fv.57) som den vert kalla lokalt, vart bygd i første del av 1900-talet, fekk garden vegen tettare innpå.

Målt i skatteskyld og folketal er Nedre Skodvin rekna å vere ein middels stor gard, men ikkje stor nok til å fø ein familie. Brukane har difor drive garden i kombinasjon med fiske eller handverk, som er vanleg for området.

Skodvin skule og lærarbustad stod ferdig bygd i 1936. Før det var det skule på Nymark på garden Brunnsland.

### Øvre Skodvin Gnr. 96

Sjå omtale av Nedre Skodvin for gardshistorie.

Garden vert rekna som ein middels stor grad målt etter skatteskyld og folketal.

### Brunnsland Gnr. 91

Forstavinga i gardsnamnet kjem av gammalnorsk *brunnr* som tyder brønn eller vasskjelde. Det er fleire gode vasskjelder på garden som kan vere opphavet til namnet. Gardsnamn med endinga *-land* reknar ein med er busett i tida 400 til 1050 e.Kr.

Det har vore minst tre gravhaugar på Brunnsland, noko som vitnar om gammal busetnad. Alle haugane er i dag fjerna.

- Gravhaug («Egehaugen») (Per Fett NB 1 / Ikkje i Askeladden), med funn av to *spannforma leirkar* og *skjoldbule* frå eldre jernalder (B332 – B333)
- Gravhaug («Erhaugen») (Per Fett NB 2 / Ikkje i Askeladden), med funn av *kleberkar* frå yngre jernalder (B330)
- Rund haug (Per Fett NB 3 / Ikkje i Askeladden), der det skal ha blitt funne *sverd*, *leirkar*, *kranium* og *flintpil*. Funna er tapt. Haugen kan vere den same som NB 1.

Som mange andre gardar i området var ikkje Brunnsland lagd aude etter Svartedauden. I mellomalderen var garden benefisert gods, dvs. eigd av kyrkja. Etter reformasjonen vart garden lagt under Domkyrkja i Bergen, og soknepresten i Lindås bygsla vekk Brunnsland som del av inntekta si. Garden kom i sjølveige i 1837.

Målt i skatteskyld og folketal er Brunnsland ein relativt stor gard i Lindås. Garden var delt i to bruk alt i 1519, og kring 1900 var den delt i fire hovudbruk. Men garden var ikkje stor nok til å brødfø heile familiar, så dei måtte ha attåtinntekt frå sjøen eller frå handverk.

Den Trondhjemske postvei gjekk gjennom Nymark lengst sør på Brunnsland. I 1878 vart det bygd skule for krinsen på Nymark, som låg sentralt langs vegen. I 1936 vart skulen flytt til Skodvin, på ei tomt som låg nærare «nyevegen».

### Gaulen Gnr. 98

Gardsnamnet kjem av *gaull*, som truleg er det opphavlege namnet på ein foss i elva som går forbi garden og endar i Fjellangervåg. Elva har fått namnet Gaulelva.

Det er ingen kjende fornminner eller funn på garden.

I mellomalderen var Gaulen krongods, dvs. eigd av kongen. Garden låg aude etter Svartedauden og vart teken oppatt på 1500-talet. På 1600-talet vart den seld til rike oppkjøparar som bygsla garden vekk. På midten av 1800-talet vart den selt til gardbrukarane.

Målt i skatteskyld og folketal er Gaulen ein liten gard, og brukarane har vore avhengig av attåttinnkomme frå andre næringar.

Den Trondhjemske postvei går gjennom Gaulen. Ved Gaulevla ligg ein bru som mest truleg er bygd seint på 1700-talet. Gaulen bru, eller «Postvegbrua», som den vert kalla lokalt, er ei steinhellebru med to laup.

I samband med postgangen frå Bergen og nordover er det nemnd eit postopneri i Gaulen i 1786. Dette fekk ei relativt kort funksjonstid, og vart erstatta av eit postopneri på Lindås prestegard.

På grunn av elva hadde garden flaumkvern, som låg i ein foss i Gaulelva ned mot Fjellangervåg. Denne er nemnd i matrikkelen 1723. Både Løvteit, Gaulen og Våge hadde kvern i Gaulelva, som dannar grense mellom Gaulen og Våge.



Figur 5 Postvegbrua på Gaulen. Foto Tine Eikehaug, Statens vegvesen.



## Løvteit Gnr. 97

Forstavinga i namnet kjem av gammalnorsk *laða* som tyder lade eller løe. *Tveit* tyder mindre jordstykke eller graslette, og er eit vanleg namn i Noreg. Tveitnamnet kan tyde på at garden er frå vikingtida, mellom år 800 til 1050. Såleis er garden ein av dei yngre i området.

Det er ingen kjente fornminner eller funn på garden.

I mellomalderen var Løvteit kyrkjegods under Lindås prestebol. Soknepresten bygsla vekk garden som del av lønna si. Truleg var garden i drift også etter Svartedauden ettersom det var to bruk her i 1519. I dag er det tre bruk på garden.

Målt etter skatteskyld og folketal er garden ein middels stod gard i Lindås sokn. Garden hadde kvern i Gaulelva, denne er omtalt i skriftlege kjelder i 1712.

## Våge Gnr. 99

Gardsnamnet kjem av naturnamnet *våg*, og har namn etter Fjellangvågen. Uttalen "våje" er brukt i Nordhordland. Våge er eit vanlig gardsnamn både i Hordaland og elles i Noreg.

Det er funne nokre gjenstandar på garden som er automatisk freda, som skår av klebersteinskar, sekundært nytta som kljåstein/fiskesøkke (B11686), og to spinnehjul av kleberstein (B11687). Det vart før krigen gjort eit funn frå steinalder på Gudmundsoldrane på bnr. 1 og på parsellen til bnr. 6.

På Krosshaugen, med vidt utsyn mot sjøen (før skogen kom), om lag 150 m nord for tunet til bnr. 1, var det i lang tid samlingsstad for folk i området. Etter tradisjonen kan dette ha vore ein viktig plass alt i tidleg kristen tid.

I mellomalderen var Våge krongods, dvs. i eigd av kongen. Målt etter skatteskyld og folketal er Våge ein middels stor gard i Lindås sokn. På slutten av 1700-talet kom garden i private eige og vart selt til bøndene.

Garden hadde flaumkvern i Gaulelva, og hadde også ei tid, kring 1775, til løyve til å driva bygdesag for Vågeområdet. Her kunne det skjerast bord av tømmer frå skogane ikring. Villkåra var at skogen ikkje måtte hoggast ut eller li skade, og at borda måtte nyttast lokalt.

Den Trondhjemske postvei frå 1790-åra gjekk gjennom utmarka på Våge, frå Gaulelva og vidare over Vågseidet.

Etter munnleg tradisjon skal det i samband med koleraepidemien i 1849 ha vore laga til ein kolerakyrkjegard på ei flate ned mot Gaulelva, ikkje langt frå sjøen. Dette er omtalt i bygdeboka, men til arbeidet med denne rapporten er det ikkje funne andre kjelder til dette. Det er fortalt at det var kraftige og liggande naturheller her som var synlege til rundt 1950. Etter det har området grodd att med skog.

På 1900-talet vart Vågseidet eit senter for denne del av bygda med postkontor (1905–1993), butikk og bakeri. Rutebåten gjekk fast til kaien på Vågseidet frå midten av 1800-talet til 1950-talet, då trafikk med buss og bil tok over.



*Figur 6 Frå Vågseidet, tidleg 1900. Ukjent fotograf.*

## Vurdering av kulturminner og kulturmiljø i planområdet

### Planområdet generelt

Planområdet ligg på begge sider langsetter fylkesvegen, og tiltaket rår sideareal langs vegen. Området er både innmark og utmark for gardane Skodvin, Brunnsland, Løtveit og Våge. Her er både myr og utmarksområde, innmark, vatn og elv. Vegen har også sett sitt preg på landskapet i planområdet med fjellknausar og skjeringar.

Influensområdet er eit typisk småskala jordbruksområde der kulturlandskapet er forma av jordbruk gjennom lang tid. Dei fleste gardstuna ligg eit stykke frå fylkesvegen, men på Våge (Nymark) og Løtveit ligg tuna nært inntil vegen. Det finst også eit par hytter i området, både i planområdet og like attmed.

### Automatisk freda kulturminne

Det er ingen kjende automatisk freda kulturminne i planområdet, men førhistoriske kulturminne og funn er kjent frå både Skodvin, Brunnsland og Våge. Dei to førstnemnde gardane har dessutan namn som tyder på at her har vore busetnad i jernalder. Potensialet for å gjere funn av ukjende automatisk freda kulturminner på disse gardane er vurdert å vere middels til stort.

Innanfor planområdet derimot, er potensialet for å gjere nye funn av automatisk freda kulturminne vurdert til å vere lite. Store delar av planområdet er allereie utbygd eller endra av tiltak i nyare tid, ikkje minst av fylkesvegen.

Hordaland fylkeskommune har i svarbrev til melding om oppstart av planarbeidet ikkje varsla trong for § 9 undersøkingar. Etter spørsmål til Fylkeskonservatoren om ei avklaring av behov for arkeologiske undersøkingar vart det i e-post til Statens vegvesen, datert 30. september 2015, frå arkeolog Heidi Handeland hjå Fylkeskonservatoren, vurdert slik det ikkje er behov for å gjere registreringar i samband med reguleringsplanen.

### Kulturminne frå nyare tid

Det er ingen kulturminne som vert direkte råka av planen, men nokre få kulturminne frå nyare tid som får nærføring til tiltaket, og som det må takast omsyn til. Til dømes gjennom avbøtande tiltak.

## Den Trondhjemske postvei

I Lindås går Den Trondhjemske postvei frå slutten av 1700-talet gjennom eit variert natur- og kulturlandskap. Frå Trælevikja til Vågseidet er vegen framleis tydeleg og fin, med noko ulik bruk og tilstand. Vegen er mellom anna nytta som turveg. Langs denne strekninga er det satt opp informasjonstavler og skilt. Det er også nokre opphavlege bruer langs strekninga, som til dømes ved Gaulen og Hetlehovda.

Under planarbeidet vart det «oppdaga» ein delstrekning av postvegen som ein trudde var borte etter bygginga av fylkesvegen. Strekninga ligg att på toppen av skjeringa på vestsida av fylkesvegen og er usynleg sett frå herifrå.

Vurdering av kulturmiljøet: Den Trondhjemske postvei er eit teknisk industrielt kulturminne med nasjonal verdi. Strekninga mellom Trælevikja og Vågseidet i Lindås er med i Statens vegvesen sin nasjonale verneplan og er eit statleg listeført kulturminne. Strekninga er ein av tre parsellar av Den Trondhjemske postvei som er valt ut for vern. Dei to andre ligg i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Strekninga nord i planområdet, ved Våge, som vart «oppdaga» under planarbeidet, er ikkje med i Nasjonal verneplan. Kan hende hadde den vore det om strekninga hadde vore kjend. Uansett er det del av same veg. I følgje Fylkeskonservatoren har denne strekningen *nasjonal interesse*, og såleis også stor verdi som del av same veg.

Tiltaket sine verknader for kulturmiljøet: Det føreslege alternativet (alternativ 2) vil ikkje råke postvegen direkte, og tiltaket vert vurdert å ikkje ha negativ verknad for verdien av postvegen.

Reguleringsplanen må ta omsyn til kulturminnet, og postvegen som ligg innanfor planområdet vert regulert med omsynssone H570 bevaring kulturmiljø.

Tiltaket vil råke omgjevnadene nær inntil postvegen, særleg ved profil b250 – b450, der dei to vegane ligg nært. For å minske negative konsekvensar bør det i dette området sikrast at delar av skogen mellom vegane vert ståande som ein grøn buffer.

Postvegen er i nord «spist opp» og kutta av fylkesvegen på tre stader. På desse stadane ligg postvegen høgare i terrenget enn fylkesvegen. For å sikre god og trygg tilkomst til postvegen bør det lagast enkle stiar/vegar mellom desse. Dette gjeld ved b700, b800 og b1100.

Postvegen kan, som eit nasjonalt viktig kulturminne, også skiltast med kringelskilt frå køyrevegen. Den planlagde p-plassen på austsida av vegen ved profil b700 bør også kunne nyttast som p-plass for turgåarar til postvegen, og kan det setjast opp tavle/skilt med informasjon om den historiske turvegen.

## Løvteit, gnr./bnr. 97/5 Nybø

Bruket Nybø ligg tett attmed og på austsida av fylkesvegen. Dette er eit bureisingsbruk som vart dyrka opp i 1930-åra. Våningshus og vedhus vart bygde i 1932 og driftsbygningen i 1934. Bruket vart delt frå hovudbruket i 1941. Driftsbygningen er seinare utbetra og siloar er bygde. Våningshuset er registret i SEFRAC (nr. 1263 – 6 – 1) (sjå kart, gul trekant  $\Delta$  inni raud ring).

Vurdering av kulturmiljøet: Kulturmiljøet er eit godt døme på bureisingsbruk frå tidleg 1900-tal, og er representativt for epoken og området. Våningshuset er tidstypisk og har arkitektonisk verdi. Kulturmiljøet har lokalhistorisk verdi.

Tiltaket sine verknader for kulturmiljøet: Den planlagde g/s-vegen skal leggjast på vestsida av fylkesvegen og tiltaket vil ikkje få direkte konsekvensar for gardstunet. Tiltaket vil medføre inngrep i influensområdet til kulturmiljøet, men er vurdert til ikkje å ha negativ verknad på verdien av kulturmiljøet.



Figur 7 Gardsbruk på Løvteit. Foto Google maps .

## Stemmegard og kvernhusanlegg i Gaulelva


I Gaulelva var det fleire kvernhus på 1700- og 1800-talet. For å lage nok trykk demde ein opp vatnet ved å byggje ei stemme i elva ved Løvteit, om lag 100 meter nord for dagens bru inn til Gaulen. Det var mogleg å krysse elva til fots over stemma. Restar etter stemma ligg framleis i elva, men er noko prega av forfall, noko som kan gjere den vanskeleg å sjå.

Både Løvteit, Gaulen og Våge hadde kvern i Gaulelva, som dannar grense mellom gardane Gaulen og Våge. Kva som finst att av spor etter desse anlegga er ikkje undersøkt. Nær Postbrua eller Gaulen bru langs postvegen, ligg det både ein tørrmurt slåk og ein grunnmur etter eit kvernhus.

Vurdering av kulturmiljøet: Kvernhus, stemme og slåk er del av eit heilskapleg anlegg. Anlegget i Gaulelva har ikkje vore i bruk på 1900-talet, og spora er i ferd med å forsvinne

eller er skjult under vegetasjonen. Slike anlegg, som var vanlege tidlegare, er sjeldne i dag, og har såleis kunnskaps- og opplevingsverdi. Kulturmiljøet inngår i ein lokalhistorisk samanheng og er representativt for perioden. Kulturmiljøet har lokalhistorisk verdi.

Tiltaket sine verknader for kulturmiljøet: Tiltaket vil råke sideareal til Gaulelva, men stemma vert mest truleg ikkje råka.



Figur 8 Kartutsnitt frå Askeladden. Raud ring og gul trekant syner SEFRAK-registrert hus på Nybø, Løvteit. Blå line er postvegen. Blå ring er mogleg plassering av stemmegard i Gaulelva. I elva har det vore fleire kvernhus, eit av desse stod like aust for Gaulen bru der postvegen kryssa elva. Legg merke til namnet Stemhaugen vest for elva på Gaulen. Dei røde trekantane er hus på Gaulen som er registrert i SEFRAK. Fargen syner at dei er bygd før 1850.

### Gardsbruk, Våge gnr/bnr 99/7 «Utsyn»

Bruk 7 under garden Våge (gnr. 99), ligg langs fylkesvegen og vart utskilt som eige bruk i 1934. Bruket er eit småbruk der gardsdrifta har vore berre del av inntekta. Gardstunet inneheld tre hus, våningshus og to uthus. Våningshuset er påbygd og har ikkje opphavleg utsjånad. Bruket har ein tydeleg tunstuktur og kulturlandskap er omkransa av open innmark. Bruket grensar mot Løvteit i sør, og her er det ein tørrmur mot vegen. Muren er mest truleg

bygd som ein steingard etter 1934, då garden vart utskilt. Langs vegen står det også ei trerekke som er planta og som utgjer eit skilje mellom vegen og garden.



*Figur 9 Bruk 7 under garden Våge. Foto Google maps.*



*Figur 10 Tørrmur langs vegen på 99/7, Våge. Foto Google maps.*

Vurdering av kulturmiljøet: Kulturmiljøet er eit godt døme på bureisingsbruk frå første del av 1900-talet og er representativt for epoken og området. Kulturmiljøet har lokalhistorisk verdi.

Tiltaket sine verknader for kulturmiljøet: Tiltaket vil medføra at tørrmuren langs vegen, trerekka og delar av innmarka vert råka. Dette har ein liten negativ verknad på verdien av kulturmiljøet. For å avbøte dei negative verknadene vert det foreslått at tørrmuren vert flytta

og sett opp att, og at dette skjer med gjenbruk av dei same steinane og vert utført av kyndige innan kulturhistorisk tørrmuring.

## Forslag til tiltak knytt til kulturmiljø i planen

Ved profil b40 står ein tørrmur – denne kan flyttast og murast på nytt med gjenbruk av dei same steinane. Til dette arbeidet må det leggjast vekt god kvalitet innan historisk tørrmuring for å behalde det tradisjonelle uttrykket.

Mellom profil b40 og 100 står ei planta trerekke som må fjernast, denne kan erstattast av ny trerekke dersom grunneigar ønsker det.

Ved profil b300 er det «inngang» til postvegen. Denne må sikrast og få ein god utforming på kulturminnets premiss.

Mellom b250 og b450, på vestsida mellom fylkesvegen og postvegen, er det i dag småskog, og det er eit ynskje at mest mogleg av dette vert ståande som ein grøn «buffer».

Ved profil b700 vil tiltaket råke ein sti mellom postvegen og fylkesvegen. På denne staden er postvegen borte etter at fylkesvegen kom, og stien som er mellom dei i dag er bratt og farleg. Som avbøtande tiltak må det lagast ny og betre sti som kan kople vegane saman att.

Mellom profil b700 og b800 er spora etter postvegen borte grunna vegbygging. Gåande må i dette området nytte gang- og sykkelvegen. Som eit avbøtande tiltak vert det føreslege å lage ny, enkel sti ved profil b800, som er frå gardsvegen til Våge og opp til postvegen, som her ligg høgare i terrenget og er avskoren etter vegbygginga i området.


Ved profil b700 ligg den planlagde p-plassen for turgåarar til Skausenøya. Denne bør også kunne nyttast som p-plass for turgåarar til postvegen. Det kan setjast opp tavle/skilt med informasjon om den historiske turvegen.

Ved profil b1050 og b1100 ved Vågseidet bør ein også finne ei løysing for at ferdsel på postvegen skal fungere att.

Alle tiltak som gjeld postvegen må leggjast fram for Norsk vegmuseum/regional kontaktperson for forvaltninga av verneplanen i Statens vegvesen.



# Vedlegg



Figur 11 Utskiftingskart over utmarka til garden Våge, 1916. Her ser ein tydeleg postvegen samt den nye vegen som vart bygd etter 1912. Jordskifteverket sitt arkiv.

## Kjelder

Askeladden, Riksantikvaren sin kulturminnedatabase <http://www.asketadden.no>  
Bergen museum/Dokumentasjonsprosjektet. <http://www.dokpro.uio.no>  
Fett, Per: Førhistoriske minne på Vestlandet  
Hordaland fylkeskommune 1999: Fylkesdelplan for kulturminne 1999–2010.  
Hordaland fylkeskommune 2015: Premiss kultur: Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025  
Holmås, Nils 1986: Den gamle postvegen imellom Vågseidet og Trælevika  
Hundvin.no <http://www.hundvin.no/bilete.php?stad=vaagseidet>  
Lov om Kulturminner (Kulturminneloven) <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>  
Lindås kommune: Kulturminneplan 2011–2021  
Miljødirektoratet: Nasjonale mål kulturminne og kulturmiljø: <http://www.miljostatus.no/nasjonale-mal/kulturminne-og-kulturmiljo/>  
Rygh, Olaf *Norske Gaardnavne* 1910, Søndre Bergenhus Amt.  
Skogseth, Arvid 2008: Bygdebok for Lindås. Band 3. Lindås sokn00.  
Statens vegvesen 2002: *Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminner*.  
Stortingsmelding nr. 16 (2004–2005): *Leve med kulturminner*  
Stortingsmelding Meld. St. (2012–2013) *Framtid med fotfeste*  
Stortingsmelding Meld. St. 33 (2012–2013) *Nasjonal transportplan 2014–2023*

Kart: Utskiftingskart for garden Våge frå 1914

Informantar:

Henry Fanebust, grunneigar Våge

Nils Holmås, lokalhistorikar og forfattar

Kristen Låstad, grunneigar Løvteit

Kåre Gaulen, grunneigar Gaulen





Statens vegvesen  
Region vest  
Ressursavdelinga  
Postboks 43 6861 LEIKANGER  
Tlf: (+47) 22073000  
firmapost-vest@vegvesen.no

[vegvesen.no](http://vegvesen.no)

**Trygt fram sammen**